

---

**Fra:** Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>  
**Sendt:** 28. april 2014 14:40  
**Til:** Kjersti Flatråker  
**Kopi:** 'Håkon Zakariassen'; Tonje Nepstad Epland; firmapost-vest@vegvesen.no  
**Emne:** SV: Plansak 126020110000300 - detaljregulering - Fløholmen næring (L)(5521)  
**Vedlegg:** brev frå Statens vegvesen 170611.pdf

Kommunen skriv i saksutgreiinga :

*Rådmanen viser til uttaler frå Statens Vegvesen sitert ovenfor og held fast ved vurderinga av at Statens Vegvesen har varsla motsegn til planen om ikkje Fv 414 hp 50 vert tatt inn i planområdet. Rådmannen vil presisere at det er kommunen som fastset endeleg planavgrensing. Kommunen har såleis moglegheit for å ikkje ta merknad til oppstartsvarsel frå Statens Vegvesen til følgje. Statens Vegvesen vil då måtte gjennta sin merknad i samband med offentlig høyring og ettersyn, då eventuelt som eit motsegn. Eit motsegn til reguleringsplanen får den konsekvens at reguleringsplanen ikkje kan eigengodkjennast i kommunen.*

Eg legg ved brevet frå Statens vegvesen datert 170611. Ordet motsegn er ikkje nemnd i brevet.

Eg tillet meg å be om at realitetane vert avklara i dialog med Statens vegvesen (kopiadressat).

Mvh  
Vidar Mjøs  
Siv. ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
tlf 55598262 mob 90788921

---

**Fra:** Kjersti Flatråker [<mailto:kjersti.flatraker@radoy.kommune.no>]  
**Sendt:** 28. april 2014 13:33  
**Til:** Vidar Mjøs  
**Kopi:** Håkon Zakariassen; Tonje Nepstad Epland  
**Emne:** SV: Plansak 126020110000300 - detaljregulering - Fløholmen næring (L)(5521)

Hei!

Det ligg ikkje føre motsegn på planen. Det kan det ikkje gjere når den ikkje har vore på høyring. Skal den på høyring må vegarealet med innafor plangrensa og regulerast. Det er ikkje satt rekkjefølgjekrav til opparbeiding av vegutbetring/fortau.

Turvegen som du skisserer kan veldig gjerne komme som eit supplement, men kan no ikkje koplast til pågåande reguleringsplan for Fløholmen. I så fall må de regulere den og.

Frå Kjersti Flatråker

---

**Fra:** Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]  
**Sendt:** 22. april 2014 12:46  
**Til:** Kjersti Flatråker

**Kopi:** Håkon Zakariassen

**Emne:** SV: Plansak 126020110000300 - detaljregulering - Fløholmen næring (L)(5521)

Takk for svar.

Då må det vurderast korleis ein kan ta dette vidare.

Kommunestyrevedtaket byggjer på at kommunen tolkar Statens vegvesen slik at det ligg føre ei motsegn derifrå knytta til fortau langs Fløholmsvegen.

Kan det vera ein ide at kommunen skriv til Statens vegvesen med spørsmål om motsegna kan fråfallast, basert på følgjande argumentasjon :

- Kommunen har forstått det slik at det er omsynet til friluftsområdet på Byngja (Bergen og Omland Friluftsråd) som ligg til grunn for fortauskraft og motsegn. (Mellom avkjørselen til friluftsområdet og Fløholmen ligg det berre ein bustad).
- For det store fleirtalet av gåande vil lina langs fylkesvegen og vidare via parkeringsplassen til friluftsområdet vera ein omveg på om lag ein halv kilometer samanlikna med den langt kortare "ønskelina" – ein sti eller turveg frå bustadområda vest og aust for krysset mellom fylkesvegen til Marøy og fylkesvegarmen til Fløholmen, direkte mot Byngja
- Dersom ein også byggjer ein ny turveg austover via Lambergvågen til gamle Haugland skule og fortau langs Radøyvegen frå Haugland skule til møtes med eksisterande fortau i Bøvågen, vil ein kunna oppnå ei trygg sentral gangline for skuleborn og turgåarar, like frå Byngja, forbi alle senterfunksjonane i Bøvågen, til Hordabø skule og vidare over Nordbø til Bøneset.
- Langs Radøyvegen er det lett og rimeleg å byggja fortau
- Langs fylkesvegarmen til Fløholmen må eit fortau truleg leggjast langs innsida av veggen, med store skjeringar og fåre for sprengningsskader på (den verneverdige?) gråsteinsmuren langs sjøsida, og med behov for relativt omfattande omlegging av avkjørslar
- Sett i høve til kostnader, terrenginngrep, trafikkmengder og nytteverdi er det grunn til å tru av at forlenging av fortau langs Radøyvegen bør få prioritet framfor fortau langs Fløholmsvegen.

Mvh

Vidar Mjøs

Siv. ing. Vidar Mjøs

Fabrikkg 7b, 5059 Bergen

[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)

tlf 55598262 mob 90788921

---

**Fra:** Kjersti Flatråker [<mailto:kjersti.flatraker@radoy.kommune.no>]

**Sendt:** 22. april 2014 09:55

**Til:** Vidar Mjøs

**Emne:** SV: Plansak 126020110000300 - detaljregulering - Fløholmen næring (L)(5521)

Hei.

Kommunestyret stadfesta vedtaket i hovudutvalet.

Me har ikkje vurdert turveg som du skisserer under. Det er ein kjempegod ide som me tek me oss vidare!

Frå kjersti Flatråker

**Fra:** Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]

**Sendt:** 11. april 2014 09:05

**Til:** Kjersti Flatråker; [post@floholmen.no](mailto:post@floholmen.no)

**Emne:** SV: Plansak 126020110000300 - detaljregulering - Fløholmen næring (L)(5521)

Korleis gjekk det med Fløholmen-saka i kommunestyret ?

Har kommunen vurdert ein turveg frå Haugland skule til Byngja (grøn stipla strek på skissa nedafor) ?

Med forlenging av fortauet langs Radøyvegen vil ein då kunna gå på turveg / fortau frå Torvhøyen til Hordabø skule, og på turveg til Byngja utan å bruka fylkesvegarmen til Fløholmen.



Mvh  
Vidar Mjøs  
Siv. ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
tlf 55598262 mob 90788921

---

**Fra:** Kjersti Flatråker [<mailto:kjersti.flatraker@radoy.kommune.no>]  
**Sendt:** 3. april 2014 08:46  
**Til:** [post@floholmen.no](mailto:post@floholmen.no); [vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
**Emne:** Plansak 126020110000300 - detaljregulering - Fløholmen næring (L)(5521)

Vedlagt sakspapir til kommunestyret.

Frå Kjersti Flatråker

---

No virus found in this message.  
Checked by AVG - [www.avg.com](http://www.avg.com)  
Version: 2014.0.4355 / Virus Database: 3722/7290 - Release Date: 04/02/14

---

No virus found in this message.  
Checked by AVG - [www.avg.com](http://www.avg.com)  
Version: 2014.0.4355 / Virus Database: 3882/7375 - Release Date: 04/21/14

---

No virus found in this message.  
Checked by AVG - [www.avg.com](http://www.avg.com)  
Version: 2014.0.4570 / Virus Database: 3920/7404 - Release Date: 04/27/14